

## Til politikarane i Sogn og Fjordane

### Elevar ut av fylket ?

Hovudutvalet for opplæring handsama 30.3. saka «Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/2017»

Hovudutvalet foreslo å ikkje setja i gang klassen vg 2 Kokk- og servitørfag ved Sogndal vidaregåande skule.

Me som er elevar på vg 1 Restaurant- og matfag reagerer på fleire ting i handsaminga.

1. Totalt i fylket er det 6 elevar med ungdomsrett utan tilbod om vg 2 Kokk- og servitørfag komande skuleår. Det er 3 frå Sogndal vgs, 1 frå Mo og Øyrane vgs og 2 frå Måløy vgs. Desse 6 elevane har ikkje anna tilbod i fylket, sidan vg 1 Restaurant- og matfag kun har eitt vg 2-løp i Sogn og Fjordane. Det betyr at fylket må kjøpa plassar til 6 elevar på vg 2 Kokk- og servitørfag i andre fylke neste år. Desse midlane kunne vore nytta til å setja i gang gruppe i Sogndal
2. Det er stor mangel på kokkar og servitørar i heile landet. Her i fylket er det mange ledige læreplassar innan faga. I møte i Hovudutvalet vart det hevda frå fleire at dei ville prioritera yrkesfag. Kvifor ikkje då setja i gang denne klassen som vil gje viktige fagarbeidarar i ein bransje med store behov for faglært personale ?
3. Politikarane i fylket har eit vedtak om minimumsoppfyljing i klassar som skal setjast i gang. For yrkesfagsklasssar er talet 8  
For studieførebuande klassar er talet 20  
Likevel valde hovudutvalet å tilrå å setja i gang ein ekstra studieførebuande klasse der det kun er 8 elevar utan tilbod.  
Og desse 8 elevane er faktisk ikkje utan tilbod i fylket !  
For det er ledige plassar ved andre skular !

**Me bed politikarane oppretthalda vg 2 Kokk – og servitørfag for skuleåret 2016/2017 !**

Helsing

Elevar ved Restaurant- og matfag, Sogndal vidaregåande skule

*Jorunn Davidsen Fimreite*  
Jorunn Davidsen Fimreite

*Andrine Thomassen Øvreseth*  
Andrine Thomassen Øvreseth

*Ida Quam*  
Ida Quam